

# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	04.04.2011	018/11	RE
Kommunestyret	13.04.2011	015/11	RE

<b>Saksansvarleg:</b> Rune Engehult	<b>Arkiv:</b> K2-S11	<b>Arkivnr.:</b> 10/1193
-------------------------------------	----------------------	--------------------------

## KRAFTUTBYGGING HJARTDØLA/SKOGSÅA - HØYRINGSUTTALE

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.12.2010	NVE	HØYRINGSBREV HANFOS KRAFTVERK
4	I	28.12.2010	Sauland Bygdekraft	KONSESJONSSØKNAD HANFOS KRAFTVERK
5	I	28.12.2010	Skagerak	SAULAND KRAFTVERK - ORIENTERING OM KONSESJONSSØKNADEN
2	I	28.12.2010	NVE	HØYRINGSBREV SAULAND KRAFTVERK
3	I	28.12.2010	Skagerak	KONSESJONSSØKNAD SAULAND KRAFTVERK
19	I	20.01.2011	Norconsult	KONSEKVENSENTREDNINGAR - EROSJON OG SEDIMENTTRANSPORT
20	I	20.01.2011	Norconsult	KONSEKVENSENTREDNING - HYDROLOGI
6	I	20.01.2011	Sveco	SAULAND KRAFTVERK I HJARTDAL KOMMUNE, TELEMARKE - KONSEKVENSSAR FOR LANDSKAP
7	I	20.01.2011	NVE	SAULAND KRAFTVERK - VIRKNINGER PÅ VANNTEMPERATUR - OG ISFORHOLD
8	I	20.01.2011	Sveco	KONSEKVENSSAR FOR KULTURMINNER OG KULTURMILJØ
9	I	20.01.2011	NVE	KONSESJONSSØKNAD FALL- OG GRUNNEIGARLISTE
10	I	20.01.2011	AMBIO	KONSEKVENSSAR FOR VILT VED UTBYGGING AV SAULAND KRAFTVERK
11	I	20.01.2011	Norconsult	KONSESJONSSØKNAD TEGNINGSVEDLEGG
12	I	20.01.2011	Norwegian Meteorological institutt	EVENTUELLE KLIMAENDRINGAR I FORBINDELSE MED SAULANDUTBYGGINGA
13	I	20.01.2011	Naturforvalteren	SAULAND KRAFTVERK VIRKNINGER PÅ FLORFA, VEGETASJON OG NATURTYPER
14	I	20.01.2011	AMBIO miljørådgiving	KONSEKVENSSAR FOR FISK OG BUNNDYR VED UTBYGGING AV SAULAND KRAFTVERK
15	I	20.01.2011	Agenda Utredning og Utvikling as	SAMFUNNSMESSIGE KONSEKVENSSAR
16	I	20.01.2011	AMBIO miljørådgiving	KONSEKVENSSAR FOR FRILUFTSLIV OG REISELIV VED UTBYGGING AV SAULAND KRAFTVERK
17	I	20.01.2011	Norconsult	KONSEKVENSENTREDNING OG

18	I	20.01.2011	Norconsult	GRUNNVARME KONSEKVENSTREDNINGAR - HYDROGEOLOGI, VANNKVALITET OG FORURENSING
21	U	24.01.2011	Norges vassdrags- og energidirektorat	SAKSHANDSAMING AV KONSESJONSSØKNADAR
23	I	03.02.2011	Direktoratet for Mineralforvaltning	SVAR PÅ HØYRING AV SØKNADER VEDR. SAULAND KRAFTVERK MED NETTANLEGG I HJARTDAL OG NOTODDEN KOMMUNAR
24	I	01.03.2011	Adv. Kristin Bjella	KONSESJONSSØKNAD HANFOSS KRAFTVERK
25	I	15.03.2011	Sverre Follaug	MERKNADER - TUDDAL TYPISK TURISTSTAD
26	I	16.03.2011	Sverre Follaug	KOMMENTARER TIL KONSESJONSSØKNADEN FOR SAULAND KRAFTVERK
28	I	20.03.2011	Atle Wahl	VEDR. FOLKEMØTE I SAULAND VEDR. SKAGERAKS SØKNAD OMM UTBYGGING AV SAULAND 1 OG SAULAND 2
27	I	21.03.2011	Toralf Hjartstøl	HØYRINGSUTTALE/INNSPEL TIL KONSESJONSBEHANDLINGA FOR SAULAND KRAFTVERK OG SAULAND BYGDEKRAFT
30	I	24.03.2011	Det Kgl. olje- og energidepartementet	KOPI AV BREV - SAULAND BYGDEKRAFT SA - UTBYGGING AV HJARTDØLA I HJARTDAL KOMMUNE
31	I	26.03.2011	Grunneigarar/naboar til Hyttemoen	KOMMENTAR TIL SKAGERAK SINE PLANAR OM TVERRSLAG/TIPP VED HYTTEMOEN I SAULAND
32	I	05.04.2011	Erik Flingtorp og Kjetil Lonar Bøe (L&F Eiendom as)	VEDK. UTBYGGING AV VASSDRAG I HJARTDAL KOMMUNE - SKOGSÅA
33	I	10.04.2011	Øystein Timland	KOPI AV BREV TIL NVE VEDR. HØRINGSUTTALELSE/INSPILL TIL KONSESJONSBEHANDLINGEN
34	I	12.04.2011	Tuddal Utvikling	UTTALE VEDR. MOGLEG KRAFTUTBYGGING I HJARTDAL KOMMUNE

Arkivsak 10/420 "Kraftutbygging – avbøtande tiltak"

**Vedlagde dokument:**

Relevante dokument i saka er tilgjengelege på [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft)

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan- og bygningslova, vassressurslova, vassdragreguleringslova, energilova, forureiningslova, naturmangfaldslova, oreigningslova, kulturminnelova med fleire.

**Saksgang:**

Saka starta med ein meldingsfase i desember 2007 da Skagerak sende inn melding om at dei ville søke konsesjon. Eit utgreiingsprogram blei fastsett av Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) i 2008 (fase 2). Konsesjonsaka er nå inne i fase 3 (søknadsfasen). Etter at høyringsfristen er omme vil NVE handsame saka, søkarane vil få høve til å kommentere og det vil bli ei synfaring før NVE leverer si tilråding til Olje- og energidepartementet (OED). OED vil sende saka ut på ei avgrensa høyring før saka blir endeleg avgjort av Kongen i Statsråd.

Det er kommunestyret i Hjartdal som skal gi høyringsuttale til NVE i denne runden, og når OED sender saka på høyring neste gang.

**Bakgrunn for saka:**

NVE har sendt på høyring søknadar vedrørende bygging av Sauland kraftverk og Hanfoss kraftverk med elektriske anlegg i Hjartdal og Notodden kommunar. Høyringsfristen er 15. april 2011. Kommunen er informert om høyringa gjennom eige brev. Høyringa er òg annonsert i lokal- og regionalavisene.

Det er Skagerak Kraft AS som har søkt om konsesjon for bygging av Sauland Kraftverk. Ei utbygging vil skje i samarbeid med Tinfos AS og Notodden Energi AS.

Det er Sauland Bygdekraft SA som har søkt om konsesjon for bygging av Hanfoss Kraftverk. Føretaket er ei samvirke som består at lokale falleligarar.

Føremålet med høyringa er at NVE skal få inn synspunkt på dei framlagde planane og dei ulike alternativa, vurdert etter konfliktgrad. NVE ønskjer grunngeevne syn på om planane bør gjennomførast, val av alternativ og avgrensing av planane. Vidare ønskjer NVE forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. I tillegg blir det bede om ei vurdering av om konsekvensutgreiingane gir tilstrekkelege opplysningar om tiltaka sine verknader.

NVE forventar at kommunen særskilt omtalar forhold til kommuneplanen. I tillegg ber NVE kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom dei omsøkte planane og dei lokale interessene.

Når søknaden gjeld elektriske anlegg blir kommunen beden om å uttale seg om det også. Rådmannen har vald å utarbeide eit eige saksframlegg når det gjeld ombygging av 132 kV leidningen frå Hjartdøla til Ålamoen/Grønvollfoss i regi av Skagerak Nett AS.

Alternativa:

I den prosessen som har vore fram til i dag har ei rekkje utbyggingsalternativ vore vurdert. Ei oppsummering av alternativa kan framstillast slik:

Nr.	"Namn"	Beskriving	Merknad
0	Null-alternativ	Ingen utbygging	
1.0	Sauland kraftverk (hovudalternativ)	Utbygging av fallet i Hjartdøla frå Hjartsjå til fot Omnesfossen (kote 46,0) med inntak av Vesleåa/Kjempa og Skorva, og av fallet i Skogsåa til fot Omnesfossen (kote 46) med inntak av av Grovaråa, Vesleåa, Kvitåa, Uppstigåa og Stavåa.	Skagerak sitt hovudalternativ. Konesjonssøkt. Send ut på høyring av NVE
1.1	Sauland kraftverk (variant)	Som over, men avløpet frå Skorva førast ikkje inn på tilløpstunnelen til Sauland 2, men kor heile avløpet takast inn i Sauland 1 via det nedre bekkeinntaket. Utløpet frå Stavåa takast inn i Sauland 2 via svingetunnelen/-sjakta.	
2	Stutt-Sauland	I prinsippet likt alt 1.0 når det gjeld inntak, tilløpstunnel og kraftstasjon. Utløpet flyttast frå fot Omnesfossen (kote 46,0) til fot Hanfoss (kote 98,0)	
3	Skogsåa kraftverk	Som alt 1.1 utan Hjartdøla. Kraftstasjonen flyttast noko austover og utløpet leggst til fot Hanfoss (kote 91,5)	
4	Hanfoss kraftverk	Utbygging av fallet i Hanfoss frå kote 112,0 til kote 98,0	
5	Omnesfossen kraftverk	Utbygging av fallet i Omnesfossen frå kote 74,0 til kote 49,0	
6	Hanfoss II	Utbygging av falet i Hjartdøla frå Hjartsjå som i alt. 1.0 til kote 91,5 nedstrøms Hanfoss med inntak av Svigsåa og Geita.	
7	Hanfoss III	Som alt 6, men med utløp på kote 85,0	Tilnærma likt Sauland Bygdekraft sitt alternativ. Konesjonssøkt. Send ut på høyring av NVE.
8	Fosse kraftverk	Utbygging av fallet i Hjartdøla frå Hjartsjå til fot Omnesfossen (kote 46,0) med inntak av Svigsåa og Geita.	
9	Mini- og småkraftløyisingar	Kjempa, Vesleåa, Uppstigåa, Kvitåa, Stavåa, Skorva, Svigsåa, Geita	Det er send inn konesjonssøknad for Skorva og Svigsåa.

To utbyggingsalternativ er send på høyring av NVE – og er utgangspunktet for denne saka. I tillegg er det søkt om konesjon for separate utbyggingar av Svigsåa og Skorva. Desse er ikkje send på høyring, men vil bli vurdert av NVE i den vidare saksgangen.

### Konsekvensutgreiingar:

I meldingsfasen av konsesjonsaken til Skagerak fastsette NVE eit utgreiingsprogram. Dette programmet seier kva for tema som skal konsekvensutgreiast.

Skagerak har engasjert Norconsult til dette. Norconsult har igjen engasjert ulike konsulentfirma til å foreta konsekvensutgreiingane.

NVE ga skriftleg melding til Sauland Bygdekraft at dei fekk tiltre utgreiingsprogrammet på visse vilkår.

Oppsummeringa av konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn for hovudalternativet til Skagerak kan på bakgrunn av opplysningane i søknaden samanfattast slik:

<b>Fagområde</b>	<b>Konsekvensgrad</b>
Hydrologiske fagområde <ul style="list-style-type: none"><li>- Erosjon og sedimentering</li><li>- Lokalklima</li><li>- Frostrøyk</li><li>- Hydrogeologi og vassforsyning</li><li>- Grunnvarme</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Liten negativ</li><li>- Ubetydeleg</li><li>- Middels positiv</li><li>- Liten negativ</li><li>- Ubetydeleg</li></ul>
Landskap	Middels negativ
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Ubetydeleg
Kulturhistorie, kulturminne og kulturmiljø	Middels negativ
Naturmiljø (sum) <ul style="list-style-type: none"><li>- Flora</li><li>- Vilt</li><li>- Fisk og fiskevatn</li><li>- Verne område</li></ul>	Sum middels negativ <ul style="list-style-type: none"><li>- Stor negativ</li><li>- Middels negativ</li><li>- Liten-middels negativ</li><li>- Ingen konsekvens</li></ul>
Forureining og vasskvalitet	Liten negativ
Naturressursar (sum) <ul style="list-style-type: none"><li>- Jord- og skogbruk</li><li>- Mineral- og masseførekomstar</li></ul>	Sum liten positiv <ul style="list-style-type: none"><li>- Liten positiv</li><li>- Ubetydeleg</li></ul>
Samfunnsmessige verknader (sum) <ul style="list-style-type: none"><li>- Næringsliv og sysselsetting</li><li>- Kommunal økonomi og lokal verdiskaping</li><li>- Lokal og nasjonal kraftoppdekking</li><li>- Helsetilhøve</li><li>- Friluftsliv</li><li>- Reiseliv</li><li>- Jakt</li><li>- Fiske</li></ul>	Sum middels positiv <ul style="list-style-type: none"><li>- Stor positiv (anleggsfase), liten positiv (driftsfase)</li><li>- Stor positiv (anleggs-/driftsfase)</li><li>- Stor positiv</li><li>- Ubetydeleg</li><li>- Liten negativ</li><li>- Liten negativ</li><li>- Ubetydeleg</li><li>- Liten negativ</li></ul>

Konsekvensane av utbyggingsplanane til Sauland Bygdekraft er ikkje heilt like, men det føreligg likevel ikkje særskilde konsekvensutgreiingar for deira utbyggingsalternativ.

I konsekvensutgreiingane er det forslag til ulike avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane eller for å overvake moglege endringar som følgje av ei utbygging.

## Økonomi

Kraftutbygging vil generere kommunale inntekter. Dette er lovmessige ytingar som verken kommune eller utbyggjar har påverknad på. Oversikta nedanfor viser kva for årlege lovmessige ytingar Hjartdal kommune kan rekne med å få ved dei ulike utbyggingsalternativa:

Skatteart	Skagerak	Bygdekraft	Småkraftutb.
Eigedomsskatt	3,4	1,2	0,5
Naturressursskatt	1,1	0,3	
Konsesjonsavgift	0,5	0,2	
Konsesjonskraft	0,0 (2,2)	0,0 (1,4)	
Sum inntekter	5,0	1,7	0,5

Alle tall i millionar kroner

### Eigedomsskatt

Eigedomsskatten blir regulert av eigedomsskattelova av 6. juni 1975. Hjartdal kommune har valt å ha eigedomsskatt berre på verker og bruk. Skatten tilfaller kommunen og blir ikkje samordna gjennom inntektsfordelingssystemet. Eigedomsskatten kan maksimalt utgjøre 7 promille.

Stortinget innførte hausten 2003 ein såkalla minimumsverdi på kraftverk ved taksering på 0,95 kr/kWh og ein maksimumsverdi på 2,35 kr/kWh. Dette gjer at store og effektive kraftverk får ei skattelette samanlikna med små og mindre kraftverk. Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) arbeider no for å få oppheva maksimumsgrensa. Lykkast dette, vil kommunens inntekter frå eigedomsskatt auke. Oppheving av makstaket vil gi ein ytterlegare favorisering av Skagerak når det gjeld lovmessige ytingar. .

### Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftselskap. Skatten blir berekna på grunnlag av gjennomsnittet av dei 7 siste års kraftproduksjon og utgjer 1,1 ør/kWh til kommunen. Skatten er kommunen sin del av grunnrenta som blei innført i 1997 som ein særskatt på 30% av ein særleg definert avkastning i kraftselskapa, utover det alminnelege overskotet.

Naturressursskatten inngår i inntektsutjamninga mellom rike og fattige kommunar.

### Konsesjonsavgift

Ved all kraftutbygging som krev konsesjon, blir konsesjonæren pålagt å betale kommunane som blir råka, konsesjonsavgift. Avgifta er både meint å gi kommunane ein del av verdiskapinga og ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på annan måte.

Konsesjonsavgifta baserer seg på ei berekning av kraftverka sin teoretiske produksjonskapasitet – dvs. naturhestekrefter. Avgifta blir fastsett som eit årleg beløp med indeksregulering kvart femte år.

Midlane skal settast av til næringsfond og nyttast i tråd med regelverket for fondet.

### Konsesjonskraft

Hjartdal kommune tek imot konsesjonskraft tilsvarende alminneleg forbruk i kommunen. Konsesjonskraft utover lokalt forbruk tilfaller i hovudsak Telemark Utviklingsfond i regi av fylkeskommunen. Dette er synleggjort i tabellen ovafor ved at tala i parentes tilfaller fylkeskommunen.

Saman med Telemark fylkeskommune og 7 andre kraftkommunar i fylket sel kommunen i dag den konsesjonskrafta Hjartdal er tildelt gjennom Konsesjonskraftstyret i Telemark. Konsesjonskraftstyret er eit samarbeid innafor kommunelovas §27.

Ettersom Hjartdal kommune ikkje har stort nok forbruk til å disponere all konsesjonskrafta, tilfell konsesjonskrafta ved ei ny utbygging Telemark Utviklingsfond. Kommunen og lokalt næringsliv har, på lik line med andre kommunar og næringsliv i Telemark, høve til å søke tilskott frå Telemark Utviklingsfond til næringsutvikling.

### **Vurdering:**

Det føreligg ei rekkje dokument i saka. Administrasjonen har hatt ei brei og tverrfagleg tilnærning til problemstillingane som saka reiser. Det er vore møter og kontakt med dei to søkjarane og med NVE i prosessen. Rådmannen meiner det eksisterar eit godt nok faktagrunnlag for å kunne vurdere saka og legge ho fram for politisk handsaming.

I tillegg til at kommunen skal handsame saka kan organisasjonar og enkeltpersonar i lokalmiljøet kome med uttale. Lokalsamfunnet kjenner saka godt gjennom tidlegare høyring i meldingsfasa og gjennom lokal pressedekning. Fritidsbebuarane er ei viktig gruppe i Hjartdal kommune. Rådmannen ser at den prosessen som NVE har lagt opp til i liten grad fangar opp fritidsbebuarane.

### Utbygging eller ikkje?

Før ein går inn på dei ulike utbyggingsalternativa er hovudspørsmålet om det bør skje ei utbygging i det heile teke.

Hjartdal er allereie ein kommune som har ein del kraftutbygging i sine vatn og vassdrag. Fleire av fjellvatna er demt opp, og vassføringa i Hjartdøla og Skogsåa er påverka av dette. Den vassføringa vi ser i dag er ikkje naturleg i forhold til situasjonen før utbygging. Før utbygginga på 1950-talet var vassføringa større om sommaren og mindre om vinteren i Hjartdøla. Vassføringa i Skogsåa var større før utbygginga. Ei vidare utbygging av vassdraga nedstrøms Hjartsjø og Sønderlandsvatn vil redusere vassføringa monaleg. Jo større utbygging, desto meir redusert vassføring. Ved å si nei til utbygging vil vassdraget vere ”urøyrt” samanlikna med i dag. På den andre sida er vassdraget allereie regulert, og vassføringa i dag er ikkje naturleg og ”urøyrt”. Det er likevel situasjonen før og etter utbygging i høve til dagens vassdrag som skal vurderast i høve til søknadene om utbygging.

Hjartdal er ein kommune med omfattande hyttebygging og eit potensial for vidare utvikling innan reiselivsnæringa. I den samanheng er naturressursane ein viktig føresetnad for ein berekraftig vekst. Ei utbygging vil redusere den visuelle opplevinga, og delvis bruken, av vassdraga. Som nemnd ovafor er det ikkje urøyrt natur turistane opplever i Hjartdøla og Skogsåa i dag. Ein stor del av kommunen sitt areal (om lag 26%) har status som landskapsvernområde (Brattfjell-Vindeggen). Det inneber at lokalsamfunnet sit med ein viktig naturressurs som er sikra mot store inngrep i framtida. I og med at landskapsvernområdet allereie eksisterar kan likevel dei to naturressursane ikkje settast direkte opp mot kvarandre.

Ei utbygging vil ikkje vere reversibel. Det tyder at dei ulempene som ei utbygging medfører vil vere varige. Ved å si nei til utbygging nå, vil framtidige generasjonar sjølv kunne velje korleis naturressursane i kommunen skal nyttast. Samstundes kviler det på dagens folkevalde å fatte

berekraftige vedtak. I den samanheng må òg samfunnet sitt behov for fornybar energi takast med i vurderinga.

#### Forhold knytt til kommuneplanen:

Tiltak som er omfatta av konsesjon er unntatt handsaming etter plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at kommunen på dette stadiet kjem med merknadar til dei tiltak vi ser eventuelt vil kome i konflikt med gjeldande kommuneplan.

Rådmannen kan ikkje sjå at ei kraftutbygging vil kome i direkte konflikt med gjeldande kommuneplan, sjølv om ikkje alle inngrepa er i tråd med kommuneplanen.

Sauland Bygdekraft søker om konsesjon for tiltak som ikkje er kartfesta i søknaden. Enten må desse tiltaka konsekvensutgreiast før det blir gjeve konsesjon eller så må desse tiltaka handsamast etter plan- og bygningslova. Dette vil innebere at det må utarbeidast reguleringsplan for dei aktuelle tiltaka.

#### Konsekvensutgreiingane:

Konsekvensutgreiingane viser at ei kraftutbygging vil gi både positive og negative konsekvensar. Ingen av konsekvensutgreiingane konkluderar med store negative konsekvensar.

Alle konsekvensutgreiingane som ligg til grunn for dei to konsesjonssøknadane er bestilt og skrevet etter at Skagerak Kraft AS bestemte seg for kva for alternativ utbygging dei ville gå for. Sauland Bygdekraft SA viser til dei same konsekvensutgreiingane, men dei har vald ei anna utbygging enn det konsekvensutgreiingane har lagd til grunn. Sauland Bygdekraft søker dermed konsesjon for tippar, inntak og andre løysingar som ikkje er konsekvensutgreia.

Rådmannen finn ikkje at konsekvensane av Sauland Bygdekraft sin søknad er godt nok utgreidd når det gjeld følgjande forhold:

- Tipp Geita – denne er ikkje kartfesta så det er ikkje mogeleg å meine noko om den.
- Transport til tippene ved Brekka (langs E 134) og Hytta (forbi bustadar).
- Plassering av tipp i tilknytning til grusførekomstar av nasjonal verdi ved Brekka.
- Omlasting og mellomlagring av masse ved tunelloppningane.
- Utløpstunell oppstrøms Sauland sentrum – konsekvens for frostrøyk, fisk/botndyr, erosjon, kommunalt vassverk og lokale brønner.
- Plassering av bustadrigg og kontorrigg – kvar skal dei ligge?
- Manglande konsekvensutgreiing for inntak i Svigsåa og Geita – mogeleg INON-bortfall, flora og fauna.
- Plassering av koplingsanlegg i nærleik av skule.

Rådmannen finn ikkje at konsekvensane av Skagerak sin søknad er godt nok utgreidd når det gjeld:

- Plassering av tippar i tilknytning til grusførekomstar av nasjonal verdi ved Brekka.

#### Avbøtande tiltak:

I konsekvensutgreiingane blir det peikt på både positive og negative konsekvensar av ei utbygging. For å redusere dei negative konsekvensane er det foreslått avbøtande tiltak.

Eit gjennomgåande avbøtande tiltak er minstevassføring. Begge søknadane legg opp til tilnærma lik minstevassføring. Sauland Bygdekraft har 0,1 m<sup>3</sup>/sek mindre vassføring om sommaren enn



Skagerak. På den andre sida omfattar søknaden frå Skagerak ein mykje lengre elvestrekning. Kommunen kan krevje ei høgare minstevassføring gjennom denne høyringa. Høgare minstevassføring vil redusere fleire av dei negative konsekvensane. På den andre sida vil høgare minstevassføring redusere lønnsmda i begge prosjekta og dermed inntektene til kommunen og lokalsamfunnet. Konsekvensutgreiingane seier ikkje noko om kor mykje minstevassføringa må aukast for at det skal bli ein merkbar endring av konsekvensgraden. Rådmannen legg til grunn at det ikkje er mogeleg å fjerne dei negative konsekvensane utan at minstevassføringa aukast så mykje at prosjekta ikkje blir gjennomførde.

Særleg for Sauland kraftverk:

Når det gjeld *Sønderlandsvatn* vil den reguleringa som nå planleggast innebere ei senking av dei naturlege vasstandane. I konsesjonssøknaden uttalast at Sauland 2 vil kunne skvalpekjørast i enkelte periodar med lite tilsig. Skvalpekjøring vil seie at kraftverkseigar startar og stoppar kraftverket, slik at ein får utnytta meir av tilsiget. Slik skvalpekjøring vil i hovudsak vere aktuelt i vinterhalvåret når tilsiget er lite, men kan også førekomme i tørre periodar på ettersumaren og hausten. Skvalpekjøring vil føre til at vasstanden går opp og ned inntil 65 cm innanfor dei aktive reguleringsgrensene (kote 396,6 og 397,25) avhengig av om vatnet magasinerast eller kjørast ut. Dette er endringar i vasstanden som langt overgår det ein har hatt før ei eventuell utbygging. Den praktiske følgja av slike pendlingar i vasstanden er at isen i strandsona svekkast på vinterstid og ein får overvatn på isen. Dette vil føre til at ferdsla over og på vatnet vil bli vanskeleggjort om vinteren.

Skagerak Energi har i møte med Hjartdal kommune uttala at dei vil utnytta høve til skvalpekjøring med forsiktighet, og at det berre unnataksvis vil vere aktuelt å utnytte heile reguleringshøgda. Det avgjerande er likevel dei vilkåra som blir fastsett i konsesjonen. Gis eit manøvreringsreglement som er i samsvar med Skagerak Energi AS sin søknad, har dei rett til å utnytte mogelegheita for skvalpekjøring.

Den andre store miljømessige verknaden av Sauland kraftverk er vassføringa i *Ommesfossen*. Gis det vilkår i tråd med Skagerak Energi AS sin søknad, vil det berre bli pålagt minstevassføring på strekninga Hjartsjå til utløpet av Sauland 1. Eit poeng er her at Skagerak Energi i sin søknad har samanlikna situasjonen før og etter den fyrste utbygginga. Det relevante samanlikningsgrunnlaget er situasjonen slik den er i dag, og ikkje før Hjartdøla kraftverk blei satt i drift for 51 år sida. Vintervassføringa vert redusert frå dagens ca 15 m<sup>3</sup>/sekund til den foreslege minstevassføringa 0,5 m<sup>3</sup>/sekund, mens sommarvassføringa utanom flomperioden reduserast frå ca 7-8 m<sup>3</sup>/sekund til 1,0 m<sup>3</sup>/sekund. Den vesentlege verknaden vil vere på Ommesfossen, der riksvegen kryssar Ommesfossen. I konsesjonssøknaden s. 84 uttalast at:

*”Skagerak Kraft praktiserer et minstevassføringsregime i Hjartdøla med Ommesfossen som referansepunkt. Gjennom tilpasset drift i Hjartdøla kraftverk slippes nok vann frå Hjartsjå til at Ommesfossen fører minimum 1,0 m<sup>3</sup>/s i vinterperioden (1.10-31.5) og 2,5 m<sup>3</sup>/s i sommerperioden (1.6-30.09). Ordningen er foreslått videreført etter utbygginga av Sauland kraftverk.”*

Det er viktig at denne uttala blir tatt inn i manøvreringsreglementet, og blir eit vilkår utbyggar påleggast å fylgje.

Særleg for Hanfoss kraftverk:

Frå inntaket i Hjartsjå til utløpet nedanfor Hanfosstryka vil vassføringa bli sterkt redusert. Dagens middelvassføring på 13,6 m<sup>3</sup>/sekund vil bli redusert til dei føreslåtte minstevassføringar som er 0,9 m<sup>3</sup>/sekund om sommaren og 0,5 m<sup>3</sup>/sekund om vinteren. Verknaden på utbyggingsstrekket blir

praktisk tala den same som er omtala for Skagerak Energi AS prosjekt Sauland 1. Skagerak Energi AS har i konsesjonssøknaden føreslått som sitert ovanfor ei minstevassføring i Omnesfossen. Tilsvarande er ikkje gitt for Hanfoss kraftverk. Dette kan bety at vassføringa i Omnesfossen blir redusert samanlikna med i dag i dei tørraste periodane av sommarperioda. Det vil si når kraftverket står og lokaltilsiget nedanfor Hjartsjø er mindre enn 1,5 m<sup>3</sup>/sekund. Skal utbygging av Hanfoss vere akseptabelt må det setjast krav om minstevassføring.

Nedanfor utløpet frå kraftverket vil avløpet i elva ha same karakter som i dag, men vassføringsvariasjonane vil bli skarpare enn det dei er i dag. Dette fordi til no har vassføringsendringane i Hjartdøla blitt dempa både i Hjartsjøa og på elvestrekninga ned til utløpet frå det framtidige kraftverket.

For begge alternativ:

Eit anna synleg avbøtande tiltak er bygging av tersklar i elva. Terskelbygging har både positive og negative konsekvensar. Tersklane bidreg til å oppretthalde ein vasspegel som vil vere positiv for opplevinga av vassdraget. På den andre sida kan tersklane vere negative i høve til sedimentering av lausmassar på elvebotn og sjølve bygginga har negativ innverknad på fisk og botndyr. Tersklar kan òg få innverknad på flaumtilhøva. Terskelbygging bør derfor utgreiast næmare av fagfolk, og fastsetjast i ein eigen terskelplan.

I mange av konsekvensutgreiingane er dei avbøtande tiltaka formulert som ”bør” eller ”kan”. Rådmannen meiner at dette er tiltak som skal/må gjennomførast for å dempe dei negative konsekvensane. Dei andre avbøtande tiltaka blir ikkje vurdert her, men kjem fram som konkrete innspel i tilrådinga.

#### Økonomi:

Historia har vist at lokalsamfunnet har fått lite igjen for den verdiskapinga som siste tiåret har skjedd innan kraftsektoren. Samstundes har kommunen inntekter frå kraftutbygginga som utgjer om lag 10% av kommunen sine totale inntekter. Det inneber at Hjartdal kommune kan tilby eit tenestenivå i dag som ikkje hadde vore mogeleg utan desse inntektene.

Ei vidare kraftutbygging vil gi kommunen eit enda betre økonomisk fundament for utvikling av tenester og lokalsamfunn. Jo større utbygging, desto større inntekter i form av lovmessige ytingar.

Gjennom samtaler og forhandlingar med dei to aktørane er resultatet at den største utbygginga òg er det alternativet som vil gi dei største ikkje-lovpålagde ytingane til lokalsamfunnet.

#### Vurdering av alternativ:

Som det går fram ovafor (Bakgrunn for saka) er det utgreidd 8 alternative utbyggingar, men alle desse er ikkje aktuelle/relevante nå. Rådmannen meiner at kommunestyret står overfor følgjande alternativ:

1. Ingen utbygging
2. Bygging av små- og minikraftverk (t.d Svigsjøa og Skorva som det er søkt konsesjon om)
3. Bygging av Hanfoss Kraftverk (Sauland Bygdekraft)
4. Bygging av Sauland Kraftverk (Skagerak)

Alternativ 1 (ingen utbygging) er vurdert ovafor og blir ikkje ytterlegare vurdert her.

Alternativ 2 (omtalt som alternativ 9 i Skagerak sin oppstilling over utbyggingsalternativ). Den økonomiske oversikten viser at ei småkraftutbygging vil gi lite til lokalsamfunnet. På den andre sida vil det vere lønsame utbyggingar som vil gi ei god inntektskjelde til aktuelle grunneigarar/eigarar. Slike utbyggingar vil ha dei same lokale konsekvensane for natur og friluftsliv som ei stor utbygging – så lenge det er dei same elvane/bekkanane som bli bygd ut. Naturinngrepa kan bli oppfatta som fleire/større fordi kraftstasjonane blir liggjande i dagen. På den andre sida vil hovudvassdraget ikkje bli omfatta av slike utbyggingar. Sjølv om det skjer ei stor utbygging vil det framleis vere potensial for vidare småkraftutbygging i andre delar av kommunen.

Alternativ 3 (Hanfoss kraftverk / Sauland Bygdekraft) er eit lokalt initiativ som er prega av stort engasjement. Den store fordelene med dette alternativet er at Omnesfossen ikkje blir bygd ut. Omnesfossen er eit landemerke ved ein av innfallsportane til kommunen. Det er mange turistar som stoppar ved fossen. Etter at Fossen kro brann er det eit utnytta potensial for næringsutvikling (turisme) i området. Ei bevaring av fossen har sjølvstøtt miljømessige fordelar òg. Økonomisk sett vil dette alternativet gi meir til lokalsamfunnet enn ei småkraftutbygging, men mindre enn utbygginga til Skagerak. Dette kjem fram av oversikta over lovmessige ytingar ovafor. Sauland Bygdekraft har heller ikkje kome med noko tilbod om ytingar ut over dei lovmessige. Det er peikt på at eit lokalt selskap vil gi meir inntekts- og formueskatt til kommunen. Rådmannen finn det vanskeleg å talfeste ei slik inntekt, men at det vil generere noko inntekt er riktig. Samanlikna med dei andre inntektene ei kraftutbygging vil gi, er slike inntekter marginale. Det er framleis knytt usikkerheit til om eit samvirke vil kunne få konsesjon. Det vil først bli avgjort gjennom ei konkret vurdering av NVE/OED. Det som er sikkert er at eit samvirke ikkje kan ekspropriere fallrettar. Det inneber at eit samvirke vil vere avhengig av 100% oppslutning av falleligarane. Det er grunn til å tru at det ikkje er realistisk. Dette inneber at eit offentleg organ må erverve dei fallrettane samvirkeføretaket ikkje har i dag. Om det deretter vil vere mogeleg å få konsesjon er ikkje avklara, jf ovafor om at dette er avhengig ei konkret vurdering i NVE/OED. Dersom ikkje samvirkeforetaksforma kan nyttast, ønskjer Sauland Bygdekraft å omdanne selskapet til eit AS. Da krevjast det 2/3 offentleg eigarskap for å få konsesjon. Sauland Bygdekraft har Hjartdal kommune øvst på lista over aktuelle offentlege eigarar i eit slikt selskap. Rådmannen finn det økonomiske løftet og den økonomiske risikoen for stor, til at kommunen skal gå inn med ein så stor eigardel (sjå sak om utbyggingsavtalar). Det inneber at det må andre offentlege aktørar inn på eigarsida – og det lokale eigarskapet vil bli svekka. Viss kommunen sin tåleevne/risikovilje går ved om lag 50 millionar uavhengig av prosjekt, vil det innebere at Hjartdal kommune vil ha om lag 50% av eigarskapet i selskapet. Det inneber igjen at Hjartdal kommune vil få hovudansvaret for å byggje opp selskapet med nødvendige økonomiske og menneskelege ressursar. Rådmannen kan ikkje sjå at Hjartdal kommune kan ta ei slik rolle. Sauland Bygdekraft har òg signalisert at dersom dei får konsesjon kan det vere aktuelt å selje utbyggingsretten til nokon andre. Dersom det skulle skje, vil heile argumentet om lokalt eigarskap falle bort. Det er også reist spørsmål ved lønsemda til dette prosjektet, og om alle kostnader er rekna med i overslaget.

Alternativ 4 (Sauland kraftverk / Skagerak) inneber det mest omfattande utbygginga. Det inneber at det er det alternativet som får størst miljømessige konsekvensar – ikkje minst ved at Omnesfossen blir bygd ut. Eit landemerke og blikkfang vil forsvinne. På den andre sida har ikkje kommunen klart å utnytte det potensial som ligg i Omnesfossen fram til i dag. Det ligg ein reguleringsplan frå 1998 som ikkje er realisert grunna manglande kapital. Gjennom utbyggingsavtala med Skagerak vil kommunen få 5 millionar kronar for å utvikle området. Gjennom ei slik satsing vil området ved Omnesfossen, til tross for utbygging, kunne bli eit område som skapar aktivitet og grunnlag for vekst og utvikling. Rådmannen meier òg at det har mykje å seie at konsesjonssøkar er ein stor og erfaren aktør innan kraftutbygging. Det er med på å sikre gjennomføring av planane og ein god lønsemd i drifta.

Ut frå ei totalvurdering tilrår rådmannen at kommunestyret i sin høyringsuttale støttar at det blir gjeve konsesjon for bygging av Sauland Kraftverk slik Skagerak Kraft har søkt om.

### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

1. Hjartdal kommune er positiv til ei vidare kraftutbygging i kommunen.  
Dette blir grunngeve med:
  - Dei konsesjonssøkte prosjekta omfattar allereie regulerte vassdrag.
  - Utbygging er ikkje direkte i konflikt med overordna kommunale planar.
  - Dei miljømessige ulempene vurderast som mindre enn dei samfunnsmessige fordelane.
2. Før det eventuelt blir gjeve konsesjon til Skagerak Kraft må følgjande forhold utgreiast nærmare:
  - a. Plassering av tippar i tilknytning til grusførekomstar av nasjonal verdi ved Brekka.
3. Før det eventuelt blir gjeve konsesjon til Sauland Bygdekraft må følgjande forhold utgreiast nærmare:
  - a. Konsekvensar av tipp Geita
  - b. Transport til tippane ved Brekka og Hytta.
  - c. Plassering av tipp i tilknytning til grusførekomstar av nasjonal verdi ved Brekka.
  - d. Omlasting og mellomlagring av masse ved tunelloppningane
